



Harald Sagstad  
Buheim 21  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3880 - 19/3838

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.02.2019

## Førebels svar på søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 137/690 Alver



**Tiltak:** Oppretting av grunneigedom  
**Byggjestad:** Gbnr: 137/690  
**Tiltakshavar:**

Kommunen stadfester å ha motteke dykkar søknad om frådelling av ny grunneigedom på gbnr 137/690 den 27.12.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld:

Arealet som er søkt frådelt omfattar del av BOP2, som er areal avsett til offentleg eller privat tenesteyting, og del av området som er avsett til landbruksføremål.



Det følgjer av føresegn 2.1.1 at det er krav om detaljregulering av område BOP2 før arbeid og tiltak som nemnd i plan- og bygningslova § 20-1, samt deling til slike føremål, kan finna stad. Det må som følgje av dette søkjast om dispensasjon frå områdereguleringsplanen for kravet om detaljregulering før vi kan fatta vedtak om deling. Landbruksarealet sin status vil forbli uendra som følgje av eit positivt vedtak om deling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.03.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Kjersti Alver og Harald Sagstad Lindås kommune ved eigedomsavdelinga	Buheim 21	5911	ALVERSUND
--	-----------	------	-----------

### **Mottakarar:**

Harald Sagstad	Buheim 21	5911	ALVERSUND
Kjersti Alver	Buheim 21	5911	ALVERSUND